



## DEN VANSKELEGE SAMTALEN

Seminaret i år skal ta for seg den vanskelege samtalen om naturtap og klimaendringar. Kva kan vera grunnane til at ordskifte om dette så ofte er prega av at folk snakkar forbi kvarandre? Kva er det som gjer at dialogen så ofte bryt saman, eller ikkje vert etablert i det heile? Kva for verdsbilete og framtidsforteljingar er det som kolliderer, og kva følelsar gjer seg gjeldande?

### FREDAG 9. SEPTEMBER

kl. 19.00 – 20.30

**Andreas H. Hvidsten**

Demokrati og vanskelige samtaler: Hans Skjervheim om dialogens betingelser.

### LAURDAG 10. SEPTEMBER

kl. 09.00 – 12.00

**Anders Johansen**

«I begynnelsen var handling» – om forholdet mellom handling, ord og virkelighet.

**Arne Johan Vetlesen**

Falsk optimisme – hva er det, hvorfor er den så utbredt, og hvorfor er den så farlig?

kl. 15.30 – 18.00

**Utdeling av Skjervheimprisen**

**Julie Ane Ødegaard Borge**

Makt og avmakt – ungdoms engasjement for en bærekraftig verden.

**Jonas Kittelsen, Synnøve Kvamme og Gina Gylver**

**i samtale med Lena Lindgren:**

«Kjemp for alt hva du har kjær» – ungdomspanel med representantar for ideelle organisasjonar.

### SUNDAG 11. SEPTEMBER

kl. 09.00 – 12.00

**Ketil Skogen**

Allianser og maktkonstellasjoner i konflikter mellom naturvern og næringsinteresser.

**Maria Berg Reinertsen**

Løse skruer i beslutningsmaskinen – hvorfor klarer vi ikke å verne naturen og kutte utslipp?

# Føredragshaldarar:



**Andreas Holmedahl Hvidsten** er statsvitar og postdoktor ved MF Vitenskapelige høyskole. Hans nyaste bok «Politiske ideer» (2022) er ei historisk innføring i norsk og vestleg politisk tenking frå eineveldet til i dag. Hvidsten sitt føredrag tar for seg Skjervheims dialog-omgrep. Skjervheim skreiv sine hovudverk i ei tid som ikkje ulik vår eiga var prega av polarisering, generasjonskonfliktar og håp om radikale politiske kursendingar. Kva kan vi læra av desse tekstane i dag?



**Anders Johansen** er professor i sakprosastudier ved institutt for informasjons- og medievitenskap, Universitetet i Bergen. Som forskar og skribent har han vore oppteken av mange sider av det offentlege ordskifte, og har mellom anna skrive boka «Komme til orde. Politisk kommunikasjon 1814–1913» (2019). I sitt føredrag vil han snakka om kva som skal til for at kunnskapen om politiske problem skal stå for oss som noko verkeleg og handlingskrevande. (Foto: Zulfikar Fahmy)



**Arne Johan Vetlesen** er professor i filosofi ved Universitetet i Oslo og er forfattar av over 20 bøker. Han har mellom anna arbeida med individuelle og kulturelle føresetnader for moralen, med smerte, vondskap og folkemord. Dei seinare år har han særleg arbeida med miljøfilosofi og spørsmålet om naturen sin verdi sett opp mot dei rådande menneskesentrerte perspektiva. I sitt føredrag skal han snakka om falsk optimisme, om kvifor det er så vanleg, og også så farleg sett opp mot dimensjonane av klimaendingar og naturtap.



**Julie Ane Ødegaard Borge** har doktorgrad på skuleval og er seniorrådgjevar i Raftostiftelsen, der ho arbeider med ungdom si deltaking i politikk, og med demokratilæring og berekraftsdidaktikk. I sitt føredrag skal ho snakka om ungdom som aktørar i klimakrisa og muligheter og utfordringar på vegen til eit berekraftig samfunn. Ho drøftar skulen si rolle i forteljingar om klimakrisa, kontroversielle tema og dialogarbeid.



**Jonas Kittelsen** frå Extinction Rebellion Ung, **Gina Gylver**, leiar i Natur og Ungdom, og **Synnøve Kvanne** frå Naturvernforbundet i Hordaland har alle erfaring med aktivisme i kampen mot klimaendingar og naturtap. Desse tre skal ha kvar si innleiing til ein panelsamtale om deira hjertesaker, om ordskifte som er meir eller mindre konstruktive, og om forsøk på å koma i dialog med aktørar som har makt av ulik slag. Panelet vert leia av **Lena Lindgren** som er forfatter og kommentator i Morgenbladet.



**Ketil Skogen** er sosiolog og seniorforskar ved Norsk institutt for naturforskning (NINA), og forskar mellom anna på konflikt om bruk av natur og naturressursar. Han har særleg interessert seg for koplingane mellom slike konfliktar og djupare samfunnsmessige motsetnader – ikkje minst i ei tid der den såkalla høgrepopulismen har vind i segla. I sitt føredrag skal han snakka om ulike interesser og maktkonstellasjonar i alliansane som vert bygd i samband med konfliktar mellom naturvern og økonomiske interesser.



**Maria Berg Reinertsen** er samfunnsøkonom og journalist i Morgenbladet, og hennar siste bok er «John Maynard Keynes. De politiske konsekvensene». I sitt føredrag skal ho snakka om korleis det kan ha seg at vi som samfunn igjen og igjen set oss mål om å verne naturen og kutta utslepp, men likevel endar dei politiske vedtaka langt unna desse måla, og naturen taper stadig i einskildsakene. Ligg forklaringa i økonomisk teori, byråkratiske prosessar eller den sosialdemokratiske ideologien?